



Jan-Erik Mikalsen Buhrmann
Hundvinsvegen 3
5956 Hundvin

Referansar:
Dykkar:
Vår: 23/5568 - 23/59098

Sakshandsamar:
Svein Arne Vågane
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:
08.08.2023

Innvilga konsesjon for overtaking av gbnr. 55/2 Bruvoll og gbnr. 93/8 Hettlehovda i Alver kommune

Administrativt vedtak: Saknr: 809/23

VEDTAK:

Med heimel i i konsesjonslova §§ 9 og 11 jf. § 1 gjev Alver kommune konsesjon til Mette Gjersvik Hopland og Jan-Erik Mikalsen Buhrmann for kjøp av gnr. 55, bnr. 1 Bruvoll og gnr. 93, bnr. 8 Hettlehovda.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga nedanfor.

Det vert sett som vilkår at sækjar

- Innan 3 år frå konsesjon er gjeve buset seg på bruket og bur der samanhengande i 5 år.
- At det vert utarbeidd skogbruksplan for skogen på bruket innan tre år frå konsesjon er gjeve. Ligg det føre slik plan nyare enn 10 år frå dags dato, fell kravet bort.

Vedtaket vert sendt over til kart og oppmåling for føring i matrikkelen. Sækjarane vil få melding når dette er gjort og skøyte kan sendast til tinglysing.

Saka gjeld

Mette Gjersvik Hopland og Jan-Erik Mikalsen Buhrmann sækjer konsesjon på overtaking av fast eigedom gnr. 55, bnr. 2 Bruvoll og gnr. 93, bnr. 8 Hettlehovda i Alver kommune. Seljar er Ottar Egil Hopland som vi oppfattar er far til ein av sækjarane (Mette Gjersvik Hopland).

Søknaden skal handsamast og avgjerast etter delegert mynde frå kommunedirektøren. Konsesjons skal gjevast med mindre det er sakleg grunn til å avslå søknaden.

I utgangspunktet kan s kjar overdra konsesjonsfritt p  grunn av n ert slektskap til seljar, men sidan det i fylgje opplysningar i s knaden er ur d   busetje seg p  bruket innan eit  r, m  Hopland/Buhrmann s kje konsesjon.

Om bruket

Planstatus: Konsesjonsbruket ligg i omr de som i kommuneplanen sin arealdel er lagt ut til LNF-omr de (landbruk-, natur- og friluftsomr de).

Gnr. 55, bnr. 2 og gnr. 93, bnr. 8 (seinare kalla konsesjonsbruket) har slikt areal jf. gardskartet:

Fulldyrka jord	45,1 daa
Overflatedyrka jord	28,5 daa
Innmarksbeite	28,5 daa
Produktiv skog	243,1 daa
Anna markslag	41,1 daa
<u>Bygd areal med meir</u>	<u>12,1 daa</u>
Totalt areal for bruket	398,4 daa

VURDERING:

Eigedomen er odlingsjord jf. odelsova   2, som vert overdrege fr  n er slekt. Som nemnt kan Mette Gjersvik Hopland ta over konsesjonsbruket utan   s kje konsesjon. Dette p  grunn av n ert slektskap med seljar (far/dotter) jf. konsesjonslova   5, pkt. 1. I same paragraf st r det at det er ein f resetnad for konsesjonsfridomen at *«Ved erverv av bebygd eiendom hvor fulldyrka og overflatedyrka jord er mer enn 35 dekar, eller eiendommen best r av mer enn 500 dekar produktiv skog, er konsesjonsfriheten etter f rste ledd nr. 1 og 2 betinget av at erververen bosetter seg p  eiendommen innen ett  r og selv beb r den i minst 5  n».*

I s knaden er det gjeve opp at v ningshuset p  garden skal nyttast av slektningar av s kjar medan det gradvis vert pussa opp. S kjar skal s kje om og setje opp nytt bustadhus p  bruket, noko som truleg vil ta lenger tid enn eitt  r. At s kjarane ikkje kan busetje seg p  bruket innan eitt  r etter at konsesjon er gjeve, er alt a bakgrunnen for at dei lyt s kje konsesjon.

S knaden er vurdert i h ve konsesjonslova og «rundskriv M 1-2021 Konsesjon, priskontroll og boplikt» utgjeve av landbruksdepartementet.

Konsesjonslova som f rem l   regulere og kontrollere omsetning av fast eigedom mellom anna for   oppn  eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og bruksforhold som er mest tenlege for samfunnet. I saker der n er slekt eller personar med odel til eigedomen s kjer konsesjon av di dei ikkje skal oppfylle buplikta, skal prisen p  eigedom ikkje vurderast. Det skal heller ikkje vurderast om s kjar er skikka til   ta over ein landbrukseigedom.

N r det oppst r konsesjon

Etter konsesjonslova   9 skal det ved avgjersle av s knad om konsesjon for overtaking av fast eigedom som skal nyttast med f rem l landbruk, leggjast s rleg vekt p  fylgjande punkt til fordel for s kjar:

1. Om den som vil ta over bruket sitt f rem l vil ta i vare omsynet til busetjing i omr det.

Eigedomen er konsesjonspliktig d  den har over 35 daa fulldyrka og overflatedyrka jord jf. konsesjonslova   5.

Utgangspunktet er altså at dersom summen av fulldyrka og overflatedyrka jord (seinare kalla jordbruksareal) overstig 35 daa, eller det er meir enn 500 daa produktiv skog på bruket, pliktar sækjar seg til å busetje seg på eigedomen innan eit år og bu der i 5 år i samanheng. Denne eigedomen har eit jordbruksareal 73,6 daa. Eigedomsoverdraginga vil difor medføre buplikt som nemnt ovanfor og kommunen lyt ta stilling til spørsmålet om buplikt.

Sækjar opplyser at dei ynskjer å busetje seg på garden, men at det vil ta noko meir tid enn eitt år å busetje seg på garden. Dette er grunngeve med at det skal sækjast om og førast opp ny bustad på eigedomen. Når dette er gjort og bustaden er klar, vil eigar busetje seg på bruket. Vi legg dette til grunn i vår vurdering og tenkjer at 3 år frå konsesjon vert gjeve og til sækjar rekk å ordne bustadtilhøva og slik busetje seg på bruket, må vere høveleg. Sækjar må etter dette bu der 5 år i samanheng. Utan at vi kan love noko om eit eventuelt utfall i dag, kan sækjar om det tykkjast naudsynt, sækje om utsetjing av buplikta.

2. Om overdraginga medfører ei driftsmessig god løysing.

Vi meiner at ressursgrunnlaget på denne eigedomen er så stort at sjølvstendig drift kan forsvarast. Areal og mjølkekvote er i dag leigd vekk og driftsbygningen er oppgjeven til å vere i dårleg stand.

Frå 01.juli 2009 er det innført generell og varig driveplikt for jordbruksareal. Driveplikt er ei personleg og varig plikt som ikkje er knytt opp til overdraging av eigedomen. Sjølv om det ikkje har noko med konsesjonssøknaden å gjere, må ny eigar innan eit år ta stilling til om vedkomande vil drive eigedomen sjølv eller leige bort jordbruksarealet til nokon som ynskjer å drive det.

3. Om omsynet til heilskapleg ressursforvaltning og kulturlandskapet vert teke i vare.

Ressursane på eigedomen skal disponerast på ein slik måte at produksjons- og utnyttingsevna vert teke vare på. Kommunen tykkjer det er fint at det etter kvart vert busetjing på garden frå den «yngre generasjon». Dette vil gje eigarar betre høve til å vedlikehalde og utvikle garden. Sækjar skal vidareføre utleige av jordbruksarealet og mjølkekvota.

Når det gjeld skogsressursane bør det utarbeidast skogbruksplan for bruket. Det vert sett som vilkår for konsesjonen. Unntak for dette er om det ligg føre skogbruksplan som ikkje er eldre enn 10 år frå dags dato.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering vert konsesjon innvilga i samsvar med søknaden.

Regelverk

- Konsesjonslova
- Rundskriv M 1-2021 konsesjon, priskontroll og buplikt. Landbruks- og Matdepartementet
- Forvaltningslova
- Offentleglova

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ynskjer. Klagen skal grunngevast.

Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Det skal ikkje betalast handsamingsgebyr i saker der det vert søkt om konsesjon av di søkjar ikkje skal busetje seg på egedomen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «23/5568»

Med venleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan-Erik Mikalsen Buhrmann
Mette Gjersvik Hopland

Hundvinsvegen 3
Hundvinsvegen 3

5956 Hundvin
5956 Hundvin